

Pressemelding Næringsprisen 2018

I sterk konkurranse med Wärtsilä Norway og Stord Hotell var det Salt Ship Design som til slutt trakk det lengste strået og vart tildelt Næringsprisen 2018. Utdelinga fant stad på årsfesten til Stord Næringsråd fredag kveld på Spinae Company. Det var Johannes Eldøy som tok imot prisen på vegne av selskapet!

Her er juryen si grunngjeving;

Næringsprisen 2018 er tildelt Salt Ship Design v/ Arne Stenersen

med følgjande grunngjeving;

Salt Ship Design er ein aktør som på relativt kort tid har bygd seg opp til å verta ein leiande aktør innafor sitt fag.

Det er ei lokal forankra verksemd med høg kompetanse og evne til innovasjon.

Då oljekrisa traff marknaden, og etterspurnaden etter offshorefartøy stupte, var dei raske med å snu seg 360 grader mot nye marknader.

Dei siste åra har dei hanka inn store kontraktar og designa hybride og elektrifiserte fartøy både til fiskeriflåten, offshore vind og aquakultur, i tillegg til den tradisjonelle marknaden for offshorefartøy.

Om Næringsprisen: *Næringsprisen er eit samarbeid mellom Stord Næringsråd og Sparebanken Vest. Næringsprisen skal bidra til å skapa merksemd rundt næringslivet, og gje honnør til dyktige næringslivsaktørar. Det var i år 7. gongen prisen vart delt ut. Kandidatar til næringsprisen vert nominert av Stord Næringsråd sine medlemmer, og ein jury beståande av;*

- Juryformann Svein Ottesen – banksjef Sparebanken Vest
- Magne Kydland – redaktør Bladet Sunnhordland
- Karoline Eldøy – styreleiar Stord Næringsråd
- Anne-Grete Sandtorv – dagleg leiar Stord Næringsråd

Avgjer kven som går til finalen og den endelege vinnaren!

For meir informasjon ta gjerne kontakt med; Stord Næringsråd, Anne-Grete Sandtorv, dagleg leiar – mob. 901 45 458